



Kvinnherad kommune søker støttekontaktar

Kvinnherad kommune har til ei kvar tid trong for støttekontaktar og det er difor alltid høve å ta kontakt med oss dersom du kan tenke deg å vere støttekontakt. Per i dag er det særskilt sju personar som treng hjelp og støtte til gjennomføring av aktivitet som er viktig for deira helse og livskvalitet:

- Mann i 60 åra frå Rosendals området treng hjelp i organisert fritidsaktivitet, samt enkel friluftaktivitet. Oppdraget er på 8 timar i veka.
- Mann i 30 åra frå Husnes området treng hjelp til å kome seg ut i aktivitet utanfor heimen. Interesser er skruing, fiske og data. Oppdraget er på 6 timar i veka.
- Mann i 70 åra frå Husnes området treng hjelp til å kome ut i aktivitet utanfor heimen som til dømes bilturar, sjå på båtar, ete middag saman ute.
- Mann i 60 åra frå Rosendals området treng hjelp til å kome ut på tur. Sit i rullestol og er i stor grad sjølvhjelpet. Oppdraget er på 2 timar i veka.
- Dame i 70 åra frå Rosendals området treng hjelp og støtte til sosial aktivitet som gåturar, køyreturar og deltaking på andre sosiale arrangement. Oppdraget er på 2 timar per veke.
- Dame i 40 åra frå Husnes området treng hjelp og støtte til gjennomføring av fysisk aktivitet som gåturar og liknande. Oppdraget er på 3 timar per veke.
- Dame i 40 åra frå Husnes området treng hjelp til å kome ut på tur og kafe. Likar også handarbeid, baking og musikk/konsertar. Oppdraget er på 3 timar i veka.

Oppdraga har for 2021 godtgjering på kr 185 per time.

Du får køyregodtgjersle og refusjon av utgifter til aktivitet etter avtale.

Dersom dette er av interesse kan du sende inn søknadsskjema som du finn på heimesida, eller ta direkte kontakt med ein av dei tilsette i Aktiv Fritid.

Meir informasjon om tenesta er å finne på heimesidene til Kvinnherad kommune: [Aktiv Fritid](#)

Håpar å høyre frå deg!

[Ingvild Marie Hilde](#)

Tlf. 953 01 132

[Rita Handeland](#)

Tlf. 909 90 861

